



Firdakraft AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hedda Vik Askeland, 5557 2055

Løyve etter forureiningslova til utslepp i anleggsperioden for Nye Øksnelvane kraftverk i Bremanger kommune

Statsforvaltaren gjev Firdakraft AS løyve etter forureiningslova til utslepp av anleggsvatn frå bygging av ny vassveg, nytt inntak, samt ny kraftstasjon for Nye Øksnelvane kraftverk i Bremanger kommune.

Anleggsarbeidene forventes å vare frå vår 2025 til haust/vinter 2027.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, og det er gitt vilkår for å redusera fare for forureining etter § 16.

Vi viser til søknad frå Firdakraft datert 12. april 2024, samt andre opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden. Vi viser også til vårt løyve til Nye Øksnelvane kraftverk for utfylling av overskotsmassar frå anleggsarbeida, i sjø på tre lokalitetar i Ålfoten/Hundvikfjorden for å etablere nytt landareal datert 4. mars 2025.

Vedtak

Statsforvaltaren gjev løyve etter forureiningslova til midlertidig anleggsarbeid knytt til bygging av ny vassveg, nytt inntak og ny kraftstasjon for Nye Øksnelvane kraftverk i Bremanger kommune. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket vil føre til. Ved fastsetjing av vilkår har Statsforvaltaren lagt til grunn kva som er mogeleg å oppnå med bruk av beste tilgjengeleg teknikkar og vår vurdering av fare for forureining.

Utsleppsløyvet med tilhøyrande vilkår er vedlagt. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova, basert på ressursbruken i sala, jf. Forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4.



Vi varsler gebyr etter sats 6 på 38 900 kroner i vårt brev datert 12. april 2024. Miljødirektoratet har auka gebyrsatsane med verknad frå 1. januar 2025 for arbeid med løyve, og difor blir gebyret for sats 6 på kroner 45 600. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå kapittel 39 i forureiningsforskrifta for meir informasjon om saksbehandlingsgebyret.

Om tiltaket

Det eksisterande Øksnelvane kraftverk vart bygd på 50-talet. Det er behov for omfattande rehabilitering dersom kraftverket skal kunne haldast i vidare drift. Det er planlagt opprusting med eit nytt kraftverk med større slukeevne og større installert effekt. Tiltaket inneber bygging av ny vassveg og nytt inntak i Store Øksendalsvatn, samt ny kraftstasjon.


NVE gjorde 11. september 2024 vedtak om at det nye kraftverket kan byggast i medhald av eksisterande vassdragskonsesjonen. Bremanger kommune gav den 12. desember 2024 medhald av plan- og bygningslova § 9-12 dispensasjon for fylling av overskotsmassar i sjø på Åskora, Lunden og ved portalområdet.

Tiltaksområdet av Nye Øksnelvane kraftverk med utfyllingar er gitt i Figur 1.



Figur 1: Lokalisering av Nye Øksnelvane kraftverk, samt området for utfyllingar, er markert i raudt.

Kraftstasjonen vil bli plassert om lag 500 m inn i fjellet, og vassvegen er planlagt som ei råsprængd tunnel med om lag 2 200 m lengde frå kraftstasjonen og opp til inntaket i Store Øksendalsvatn. Avløpstunnelen vil munne direkte ut i sjøen i nærleiken av utløpet til det eksisterande kraftverk. Kartskisse av Nye Øksnelvane kraftverk kan sjåast i Figur 2.



Figur 2: Nye Øksenelvane kraftverk kartskisse.

Nye Øksenelvane sin utløpstunnel har utløp i Hundvikfjorden (ID: 0282011500-C i Vann-Nett). Dette er ei beskytta fjord, som vert vurdert til å ha "god" økologisk tilstand og "undefinert" kjemisk tilstand. Viktige naturtypar ved Portalområdet som er registrerte, omfattar sukkertare vurdert til "svært viktig" og leveområdet for pigghå med "stor" verdi. Det er registrert ein låssettingsplass for brisling om lag 500 meter aust-søraust for utsleppspunktet.

Tunnelen har påhogg like ved fjorden, og tilkomst- og avløpstunnel vert driven parallelt inn til kraftstasjonen om lag 500 meter inn i fjellet. Herifrå vert tunnelen driven på stigning heilt til Store Øksendalsvatn.

Under drivinga vert drifts- og lekkasjevatt (tunnelvatn) samla opp før utløpet av tunnelen. Reinseprosessen startar i tunnelen der vatnet går via slamnisjar, ført det vert pumpa over i eit containeranlegg med to sedimenteringsbasseng og deretter eit oljeutskiljarbasseng, der det vert teke prøvar av det reinsa vatnet. Reinseanlegget blir plassert ved forskjæringa. Entreprenøren vil ha utstyr for tilsetjing av kjemikalie for pH-regulering og det er stilt krav om eit automatisk, mengdeproporsjonalt prøvetakingssystem. Det er søkt om ei grense på 400 mg/l suspendert stoff ut frå reinseanlegget.



Etter at tunnelvatnet har gått gjennom reinseanlegget, vil det bli ført i røyr til sjø. Røyret skal plasserast med avløp innanfor siltgardin. Entreprenør skal også vurdere effekten av å sleppe reinsa tunnelvatn på djup i Hundvikfjorden (5 m under vassflata eler lågare) for å sleppe eventuelt transport av suspendert stoff i overflatevatnet.

Det er i søknaden oppgjeve fleire avbøtande tiltak for utføring av anleggsarbeida:

- Nisjane i tunnelen gjev kontroll over vassmengdene og reduserer risiko for støtutslepp.
- For å minimere avrenning av nitrogen frå tunnelanlegget, skal det vere gode arbeidsrutinar for å redusere søl av sprengstoff under handtering og lagring.
- Reinseanlegget vert dimensjonert etter faktisk vassmengde. Fleire og større containere skal setjast inn om det er naudsynt.
- Alternativt tiltak for å redusere partikkelinnhald i tunnelvatnet kan vere tilsetjing av flokkuleringsmiddel for å auke graden av sedimentering.
- Påvist olje som følgje av anleggsdrift skal fjernast med ein gong og kjelde skal identifiserast for å hindre vidare spreining.
- Utslepp av avløpsvatn frå verkstad og liknande på riggområde skal gjennom oljeutskiljar og deretter til eigne tankar. Innhald skal leverast til mottaksanlegg.
- Det skal utarbeidast avfallsplanar for handtering av avfall.
- Entreprenør og byggherre skal i samarbeid utarbeide beredskapsplan for ytre miljø. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.
- Siltgardin i sjø utanfor avløpet skal bytast om den er tett. Skader på gardina skal reparerast.
- Turbiditetsmålere kan også settes ut for å fange opp eventuell spredning av partiklar.

Entreprenør skal følge opp sine egne anleggsaktiviteter. Følgende krav er gitt:

- Kontroll av reinseanlegg og sedimentering skal vere innarbeid i entreprenøren sin kontrollplan.
- Det vert kravd at entreprenøren skal utarbeide drifts- og tømmerutinar for reinseanlegga, og at bassenga rutinemessig skal tømmast for sand, olje og slam. Det vert krevd at slam frå sandfang og andre reinseinstallasjonar vert analysert og levert til godkjent mottak.
- Entreprenør skal ha rutine for visuell inspeksjon ved utsleppsstadene, der observasjon av oljefilm, blakking av vatn eller anna ureining skal registrerast.
- Olje frå tersklar i tunnel, sedimenteringsbasseng og oljeutskiljar må deponerast i høve regelverk for deponering av oljehaldig avfall.

Siste perioden med driving opp mot magasin er tida ein ventar å få størst vassmengde i tunnelen. Teoretisk maksimal vassmengd vil vere 670 l/min i opptil 9 timar per døgn. I praksis vil vassmengda vere betydeleg lågare enn dette.

Anleggsarbeidene forventes å vare frå vår/sommar 2025 til haust/vinter 2027.

Høyring

Søknaden vart sendt på høyring til Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Sør-Norges Fiskarlag og Bremanger kommune. Den ble også lagt ut til offentlig ettersyn på Statsforvaltarens heimeside. Frist for å gje uttale var 16. mai 2024.

Firdakraft kommenterte uttalane i høyringsbrev datert 12. april 2024. Kommentarene er referert i blå tekst nedanfor.

Vi fekk følgjande høyringsuttaler frå Mattilsynet og Fiskeridirektoratet:



Mattilsynet (16. mai 2024):

Attgjeving av uttale:

"Det er lagt opp til avbøtende tiltak som sedimentering, oljeutskilling og prøvetaking av vatnet før det går ut i resipienten i tillegg til bruk av siltgardin utanfor avløpet.

Mattilsynet ventar at tiltaka tek omsyn til akvakulturverksemd i området. Dersom det skulle oppstå hendingar som kan påverke oppdrettsanlegga så må desse varslast og det må settast i verk tiltak. Utover dette har vi ikkje ytterlegare kommentarar på noverande tidspunkt."

Firdakraft sin kommentar til uttalen:

"Mattilsynet viser til akvakulturanlegga i området og peikar på moglege risikofaktorar, men òg til dei planlagde avbøtende tiltaka. I samsvar med vurderingar i KU og søknad, er deira vurdering at avstand til anlegga truleg er tilstrekkeleg til å unngå særleg effekt på oppdrettsfisk. Mattilsynet ventar at tiltaka tek omsyn til akvakulturverksemd i området, og at dersom det skulle oppstå hendingar som kan påverke oppdrettsanlegga så må desse varslast og det må settast i verk tiltak.

Firdakraft støttar vurderingane i fråsegna. Dette er implementert i prosjektet sin miljøoppfølgingsplan."

Fiskeridirektoratet (25. mai 2024):

Attgjeving av uttale:

"Vi ser det som svært negativt at viktige naturverdier ødelegges eller at miljøgifter slippes ut/spres i naturmiljøet hvor de akkumuleres i næringskjeden og på sikt representerer en potensiell fare for mennesker og dyr. Viktige stikkord er «mattrygghet» og «helse». Negative konsekvenser for viktige naturtyper og ressursområder vil i neste omgang være negativt for biologisk mangfold og rekruttering til beskattbare artsbestander for fiskeriene i området.

Vi kan ikke se at tiltaket, slik det er beskrevet i oversendte dokumenter, nødvendigvis vil påvirke de interesser vi er satt til å ivareta negativt ettersom avbøtende tiltak vil bli benyttet. Nærheten til låssettingsplassen (se vedlagt kartutsnitt) gjør at vi forventer at det vises ekstra varsomhet mtp. faren for oljeutslipp. Dette gjelder da særlig mens låssettingsplassen er i bruk. Vi ber om at det i en eventuell tillatelse oppfordres til opprettelse av dialog med fiskerlag."



Figur 3: Oversiktskart frå Fiskeridirektoratet som viser registrert låssettingsplass markert med raudt og gytedefelt for torsk markert med loddrette striper.



Firdakraft sin kommentar til uttalen:

"Fiskeridirektoratet viser til viktigheita i å sikre mattryggleik og helse, og å unngå negative konsekvensar for naturverdiar. Dei vurderer at tiltaket ikkje nødvendigvis vil påverke desse interessene om dei skildra avbøtande tiltaka vert nytta. FD viser spesifikt til nærliggande låssettingsplass, og forventar ekstra varsemd mtp på fare for oljeutslepp om låssettingsplassen er i bruk. Dei oppfordrar til slutt at det vert oppretta dialog med fiskarlag ved evt. løyve.

Firdakraft støttar vurderingane, og vil opprette dialog med fiskarlag ved evt. løyve. Rutinar for overvaking og oppfølging av fare for oljeutslepp er implementert i prosjektet sin miljøoppfølgingsplan."

Statsforvalteren sin vurdering og begrunnelse for tillatelsen

Generelt

Etter forureiningslova § 7 må ingen setje i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglene i § 8, er regulert i ei forskrift etter § 9, eller er tillate etter vedtak i medhald av § 11. Hovudregelen i lova er at mellombels anleggsarbeid er lovleg utan løyve når forureininga frå anleggsarbeidet er vanleg, jf. forureiningslova § 8 første ledd punkt 3. Fare for forureining og negativ påverknad på nærliggande naturverdiar er eksempel på tilfelle som ikkje blir rekna som vanleg forureining. Utsleppet skal skje i vassførekomsten Hundvikfjorden i Bremanger kommune. Statsforvaltaren har vurdert forureiningspotensialet og funne at tiltaket krev løyve etter forureiningslova § 8.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og vassforskrifta § 12 er lagde til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøving etter forureiningslova.

Statsforvaltaren meiner å ha tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak i saka.

Anna lovverk

NVE gjorde 11. september 2024 vedtak om at det nye kraftverket kan byggast i medhald av eksisterande vassdragskonsesjon.

Detaljplan for miljø og landskap – Øksnelvane kraftverk blei sendt NVE 17. januar 2025 for godkjenning.

Bremanger kommune gav den 12. desember 2024 dispensasjon for fylling av overskotsmassar på Åskora, Lunden og portalområde i medhald av plan- og bygningslova § 9-12.

Vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskriftens § 36-2, som setter krav til innhald i søknader om tillatelse etter forureiningsloven.

Statsforvaltaren meiner i hovudsak at faren for spreining av forureining og negativ påverknad er akseptabel med dei avbøtande tiltaka som er føreslått i søknad av 12. april 2024. Dei omsøkte tiltaka er teken inn som vilkår i løyvet, samt dei endringar og presiseringar som Statsforvaltaren har bestemt



Utslepp i anleggsfasen

Utslepp frå denne type anleggsarbeid er i hovudsak suspenderte partiklar, olje/oljeprodukt og nitrogenrestar frå sprengingsarbeid som hamnar i tunnelvatnet. Bruk av betong og sement kan medføre høge pH-verdiar. Høg pH (> 8-9) vil kunne føre til at ammonium vert omdanna til ammoniakk, som er svært giftig for vasslevande organismar. Tunnelvatnet må difor reinsast og pH justerast før det vert slept ut til resipienten. Statsforvaltaren har sett utsleppsgrenser for pH, suspendert stoff og olje. Det er òg stilt krav om oppsamling av eventuell plast og skytestrengar før utslepp til resipient. Dersom det skulle vise seg at dei etablerte reinseanlegga ikkje reinsar tilstrekkeleg, må verksemda gjennomføre avbøtande tiltak.

Finstoff/partiklar

Tunnelvatn etter fjellsprenging og tunnelboring inneheld partiklar. Avrenning av partikkelholdig vatn kan ha ein negativ effekt på fisk og andre vasslevande dyr. Ved sprenging kan det oppstå partiklar med skarpe kantar. Slike partiklar er skadelege for biologisk liv i sjø og vassdrag ved at dei blant anna kan føre til skade på gjellene til fisk. Utslepp av partiklar over lang tid vil kunne slamme ned botnen av elvar, noko som vil kunne føre til at leveområdet til botnlevande organismar vert endra og/eller øydelagt.

Eit lavt partikkelinnhald i anleggsvatnet er difor eit viktig tiltak for å redusere forureining av resipienten. Det er søkt om ei utsleppsgrense på 400 mg/l til Hundvikfjorden. Statsforvaltaren set grense til 200 mg/l suspendert stoff, då vi meiner det er viktig å avgrense partikkelutsleppet og beskytte naturverdiane i størst mogleg grad og basert på vår erfaring at det finst reinseanlegg for anleggsplassar som klarer 200 mg/l (best tilgjengeleg teknologi). Sidan akkreditert metode for suspendert stoff må baserast på stikkprøver, skal utsleppet også målast kontinuerleg for turbiditet. Alarmgrense skal etablerast på bakgrunn av lineær samanheng mellom prøveresultat for suspendert stoff og turbiditet.

Nitrogen og pH

Sprenging vil føre til utslepp av nitrogensambindingar frå sprengstoff som ikkje vert omsett. Bruk av sementprodukt til sikringsarbeid kan resultere i tidvise høge pH-verdiar (pH > 8-9) i anleggsvatnet. Sprengstoffrestar inneheld i hovudsak ammonium (NH₄⁺) og nitrat (NO₃⁻). Ammonium og ammoniakk (NH₃) vil ved nøytral pH vere i likevekt der mesteparten ligg føre som NH₄⁺. Dersom pH er høg (> 8-9) vil likevekta verte skyvd mot høgare, dvs. at mesteparten ligg føre som NH₃, som er akutt giftig for vasslevande organismar. Utslepp av nitrogensambindingar vil i tillegg ha ein gjødslande effekt.

Statsforvaltaren sett krav på pH mellom 6 og 8,5 på utslepp ut frå reinseanlegget ved Hundvikfjorden. Ved innblanding av reinsa tunneldrivevatn med maks pH på 8,5 til fjordvatnet vil pH raskt reduserast til nivå der ammoniakk ikkje vil vere eit problem.

Det er i dag ingen etablerte metodar for reinsing av nitrogensambindingar i tunnelvatn. Overvaking og kontinuerleg kontroll av pH i vatnet er viktig for å redusere risiko knytt til utslepp av nitrogensambindingar og omdanning av skadeleg ammoniakk.

Olje

I anleggsperioden kan ein få utslepp av olje og smørefeitt frå anleggsmaskinar pga. lekkasjar på drivstofftank og hydraulikksystem, søl i samband med fylling av drivstoff og ved reparasjonar av anleggsmaskinar innanfor anleggsområdet. I løyvet sett Statsforvaltaren vilkår for korleis risiko for



oljeforureining skal førebyggjast og handterast. Dette skal dokumenterast gjennom internkontroll (risikovurdering, avvikshandtering, skriftlege rutinar for kritiske arbeidsprosessar m.m.), sikring av lagertankar for oljeprodukt, metodar for oppsamling av olje ved uhell (absorbentar m.m.) og til slutt gjennom krav for grenseverdi for olje ut frå reinseanlegget.

Fisk og andre vasslevande organismar er sårbare for oljeforureining. Vi set grensa for at olje ut frå reinseanlegget skal vere under 5 mg/l til utslepp i Hundvikfjorden, av same grunn som for suspendert stoff, sjå ovanfor (best tilgjengeleg teknologi).

Siltgardin og turbiditet

I søknaden er det føreslått å plassere siltgardin ved utsleppspunktet. Statsforvaltaren set vilkår om bruk av siltgardin under anleggsarbeidet ved utsleppspunktet. Ved bruk av siltgardin blir faren for forureining og negativ påverknad frå tiltaket redusert.

Overvaking av turbiditet utanfor siltgardina må etablerast på utsida av siltgardina. Grenseverdi og alarmgrense for partikkelinnhald skal ikkje overstige 10 FTU pluss bakgrunnsverdi. Dersom turbiditetsmålingene viser høgare partikkelinnhald enn alarmgrensa, skal det gjerast undersøkingar for å sikre at siltgardina fungerer som ho skal. Statsforvaltaren set vilkår om overvaking med turbiditetsmålere som har ei grenseverdi på 10 FTU pluss bakgrunnsverdi, med alarm. Vi set og krav om at arbeidet skal stansast dersom turbiditeten overstig grenseverdien i meir enn 30 minutt.

Plast

Plast kan utgjere eit forureiningsproblem ved at det vert ført med anleggsvatnet til resipient eller ved at sprengstein vert brukt til utfyllingsformål i sjø og vassdrag. Det kan vere fleire kjelder til plastutslepp i samband med anleggsarbeidet, ei av desse er bruk av skyteleidningar og fôringsrøyr. Mengda plast er avhengig av type tennsystem. Statsforvaltaren har sett krav om oppsamling av eventuell plast og skytestrengar før utslepp til resipient.

Vasking

Det skal ikkje etablerast verkstader eller vaske/spyleplassar med direkte avrenning til vassdrag eller terreng. Ein eventuell vaskeplass skal ha tett dekke og oljeutskiljar, og tilfredsstillende utsleppskrava i vilkår 3. Det er ikkje tillat å vaske betongbilar utan reinsing av vaskevatnet. Vaskevatn frå betongbilar eller betongrenner skal ikkje gå til resipient utan pH-justering. Vaskevatn frå betongbilar skal leiast til reinseanlegg slik at utsleppet tilfredsstillar krava i vilkår 3.

Dialog

Statsforvaltaren legg vekt på innspel frå Mattilsynet og Fiskeridirektoratet om å opprette dialog med Sør-Norges Fiskarlag og Bremanger Fiskarlag for å avklare om låsettingsplassen for brisling er i bruk. Vi setter dette inn som vilkår i løyve.

Vurdering etter vassforskrifta

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand.

Anleggsvatnet frå det mellombelse utsleppet skal gå til Hundvikfjorden. Økologisk tilstand er satt som god med god presisjon på miljøtilstand og kjemisk tilstand er udefinert.



Ein skal ikkje tillate aktivitetar som gir dårlegare miljøtilstand enn dagens situasjon i resipientar, men anleggsarbeidet vil ha ein mellombels effekt på resipienten. Det er gitt vilkår i løyvet for å redusera fare for forureining. Alt drifts- og drensvatn skal reinsast før utslepp.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipienten vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre til at miljømåla ikkje vert nådde, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Vurdering etter naturmangfoldloven

Utslepp av reinsa tunnelvatn frå anleggsarbeidet vil i hovudsak kunne få verknader for livet i Hundvikfjorden dersom det skjer utslepp av finpartiklar/steinstøv og eventuelle nitrogensambindingar frå sprengingsarbeid. I tillegg kan det førekome utslepp av olje, smørefeitt og drivstoff knytt til uhell/lekkasjar på maskinar og utstyr under anleggsarbeidet. Utsleppet vil få mindre å seie for dyr og plantar på land.

Som det er påpeika i søknaden er Hundvikfjorden leveområdet for pigghå, ved Portalområdet er det registrert sukkertare og det er ein låssettingsplass for brisling 500 meter frå utsleppspunktet. Det er set krav om at anleggsvatnet skal reinsast og innhald av suspendert stoff skal vere så lågt at det ved fortynning i sjø ikkje fører til negative konsekvensar. Vi vurderer at med dei avgrensa utsleppsmengdene og setting av reinsekrava så vil anleggsvatnet etter fortynning og innblanding i resipient utgjere lav og akseptabel risiko for negativ miljøpåverking på fiskeriinteresser i området.

Kravet i naturmangfoldlova er at saka i hovudsak skal vere basert på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap. Statsforvaltaren har vurdert saks etter §§ 8 og 12 i naturmangfoldlova. Relevante databasar er gjennomgått. Vi har ivareteke føre-var-prinsippet ved å stille utsleppskrava og redusert den eventuelle påverknaden på biologisk mangfald så langt som råd.

Konklusjon

Statsforvaltaren har handsama søknaden, og vurdert dei forureiningsmessige ulempene opp mot dei samfunnsmessige fordelane. Under føresetnad om at dei avbøtande tiltaka som er planlagde vert gjennomførte og at anlegget vert drifta i tråd med utsleppsløyvet, vurderer Statsforvaltaren at miljøforholda vil verte tilfredsstillande tatt vare på. Statsforvaltaren gir derfor løyve etter forureiningslova § 11. Statsforvaltaren tek likevel atterhald om at det kan verte kravd ytterlegare tiltak dersom det skulle vise seg nødvendig. Statsforvaltaren vil følgje opp anlegget gjennom krav om rapportering om eventuelle avvik frå reinsekrav og ved tilsyn.

Endring og omgjerung

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.



At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Retten til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngeven, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Hedda Vik Askeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Vilkår for løyvet

Kopi til:
Bremanger kommune
Mattilsynet
Fiskeridirektoratet
Sør-Norges Fiskarlag



Løyve etter forureiningslova til utslepp i anleggsperioden for Nye Øksnelvane kraftverk i Bremanger kommune

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad av 12. april 2024 og under saksbehandlinga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om virksomheten

Verksemd	Firdakraft AS
Postadresse	Sørstrandsvegen 227, 6823 Sandane
Herad og fylke	Bremanger, Vestland
Org. nummer	991 060 545/ 911 647 605

Statsforvalteren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2025.0123.T	4648.0110.01	2023/5712

Løyve gitt: 12. mars 2025	
Magne Nesse senioringeniør	Hedda Vik Askeland rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Vilkår	Endringar



1 Løyvet omfatter

1.1 Omfang

Løyvet gjeld forureining frå anleggsarbeid i samband med driving av tunnel for Nye Øksnelvane kraftverk i Bremanger kommune. Dette gjeld utslepp av reinsa drifts- og drensvatn frå tunneldriving, avrenning frå eventuelle vaskeplassar og riggområde, generell forureining frå anleggsarbeid og handtering av avfall. Løyvet fritar ikkje verksemda frå å hente inn løyvet for dei delane av tiltaket som ikkje er regulerte av forureiningslova.

Løyvet for anleggsarbeidet er mellombels og gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta. Anleggsarbeidene forventes å vare frå vår/sommar 2025 til haust/vinter 2027.

Løyvet er basert på opplysningar i mellom anna følgjande dokument:

- Søknad om utsleppsløyve datert 12. april 2024.
- Detaljplan for miljø og landskap – Øksnelvane kraftverk, datert 7. januar 2025.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i dokumenta i lista ovanfor med mindre anna er avtalt med Statsforvaltaren. Statsforvaltaren gir løyve under føresetnad om at dei avbøtande tiltaka som er planlagde vert gjennomførte og at anlegget vert drifta i tråd med utsleppsløyvet. Tiltaksområdet av Nye Øksnelvane kraftverk med utfyllinger er gitt i Figur 1.



Figur 1: Lokalisering av Nye Øksnelvane kraftverk, samt området for utfyllinger.

1.1 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til sfvpost@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere



utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med vilkår 3.3.

2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er søkt om for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.7 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne og farvasslova og plan- og bygningslova.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta . Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet,



forureiningslova, produktkontrolllova og andre relevante forskrifter til disse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast på sfvlpost@statsforvaltaren.no.

4 Utslepp til vatn

4.1 Utsleppsgrenser

Tabell 1. Oversikt over parameterar, utsleppsgrenser og prøvetakingsfrekvens for utslipp til Hundvikfjorden. Grensene gjeld utslepp fra reinseanlegg etablert for reinsing av tunnelvaskevatt.

Parameter	Grense ut fra renselanleggene	Prøvetaking
Suspendert stoff	200 mg/l	Stikkprøve hver uke
Olje	< 5 mg/l	Stikkprøve hver uke
pH	6-8,5	Kontinuerlege målingar
Turbiditet	Alarmgrense skal etableres på bakgrunn av lineær sammenheng mellom prøveresultat for suspendert stoff og turbiditet	Kontinuerlege målingar
Vassmengde	Ingen grense, men krav om måling for å sikre tilstrekkelig oppholdstid og dimensjonering av renselanlegg	Kontinuerlege målingar



4.2 Utsleppsreducerande tiltak

Tiltakshavar skal etablere tilstrekkelege reinseløysingar og avbøtande tiltak for å redusere utslepp av partiklar, partikkelbunden forureining, plast/skytestreng, olje og andre miljøgifter mest mogleg, slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet. Riggområdet skal etablerast slik at eventuell forureining frå det kan kontrollerast.

Drifts- og drensvatn frå tunneldrivinga skal reinsast i reinseanlegg beståande av sedimentasjonsbasseng og oljeutskiljar. Sedimentasjonsbasseng skal vere stor nok til å gi lang nok opphaldstid for vatnet til at partiklane sedimenterer til botn. Reinseanlegget skal også bruke kjemikalie for pH-regulering.

Reinseanlegget må innrettast på ein slik måte at utsleppsgrensene i Tabell 1 vilkår 4.1 vert stetta. Utslepp av olje, smørefeitt og drivstoff i større omfang vil vere knytt til uhell/lekkasjar på maskinar og utstyr under anleggsarbeidet. Det skal etablerast rutinar for påfylling av drivstoff, vedlikehald av maskinpark m.m. med føremål å redusere forureining til grunn og resipient. Ved eventuelle punktutslepp av olje, drivstoff, smørefeitt eller anna skal mest mogleg samlast opp. Absorbentar skal vere tilgjengelege på stader der slik forureining kan oppstå.

Det skal ikkje etablerast verkstader eller vaske/spyleplassar med direkte avrenning til vassdrag eller terreng. Ein eventuell vaskeplass skal ha tett dekke og oljeutskiljar, og tilfredsstillende utsleppskrava i Tabell 1, vilkår 4.1.

Det er ikkje tillate å vaske betongbilar utan reinsing og med utslepp direkte til vassdrag, då dette kan medføre høge pH-verdiar. Vaskevatt frå eventuelle betongbilar skal leiast til reinseanlegg og pH justerast, jf. Tabell 1.

Det skal setjast i verk effektive tiltak for oppsamling av eventuelle plastrester og skytestrengar. Dersom plastrester når resipient eller infiltrasjonsanlegg, må det setjast i verk avbøtande tiltak. Verksemda skal handtere overvatn i anleggsperioden slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet. Verksemda skal gjennomføre avskjerande tiltak for å redusere overvasstilrenning gjennom anleggsområdet til resipienten og tiltak for å redusere erosjon og partikkelavrenning.

4.3 Drift og vedlikehald av reinseanlegg

Reinseinretningane skal vere dimensjonerte for maksimal reel vassmengd og tilstrekkeleg opphaldstid, og dei skal ha tilfredsstillande sikring mot akuttutslepp. Ekstreme vêrforhold må vere inkludert i risikovurderinga og beredskapsplanen, jf. vilkår 3.2 i dette løyvet. Dimensjonering av reinseanlegget med omsyn til nødvendig opphaldstid må kontrollerast og eventuelt korrigerast. Dokumentasjon om dimensjonering av reinseanlegget skal vere tilgjengeleg ved kontroll eller førespurnad frå forureiningsmyndigheita.

Det må førast jamleg kontroll med reinseanlegga og eventuelle infiltrasjonsgrøfter. Desse må tømmast og reingjerast ved behov. Det skal utarbeidast og settast i verk eit kontrollprogram med tilhøyrande skriftlege internkontrollrutinar og driftsinstrukser m.m. for å følgje opp drift av reinseanlegg i anleggsperioden. Rutinane må som eit minimum skildre:

- Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegg. Bassenga skal rutinemessig tømmast for sand, olje og slam slik at nødvendig opphaldstid til ei kvar tid vert halde.
- Visuell inspeksjon av reinseanlegg og visuell kontroll av resipient.



- Avvikshandtering av forhold som gjeld uønskt ytre miljøhendingar som har betydning for drift av reinseanlegg, sedimenteringsbasseng m.m.
- Prøvetaking slik at krava til utslepp frå reinseanlegga vert haldne.

4.4 Partikkelsperre

Det skal nyttast siltgardin rundt utsleppspunktet under anleggsarbeidet for å redusere faren for forureining og spreining av finstoff til vassførekomsten. Det skal nyttast siltgardiner som er eigne for tilhøve til tiltaksområdet, sjå fagrapport¹ frå Statens vegvesen.

4.5 Turbiditetsmålingar

Konsentrasjonen av partiklar, angitt som turbiditet, skal haldast lågare enn 10 FTU over bakgrunnsnivå. Turbiditetsmålarar skal plasserast om lag 20 meter frå siltgardina.

Turbiditetsmålingar skal planleggjast og utførast i samsvar med Norsk Standard NS-9433². Partikkelkonsentrasjonen skal ikkje vere høgare enn 10 FTU og 8 NTU + bakgrunnsverdi i meir enn 30 minutt. Ved oppnådd alarmgrense skal arbeidet stansast, og dersom overskridinga skuldast tiltaka, skal det settast i verk avbøtande tiltak.

Det må dokumenterast ei referanseverdi/bakgrunnsverdi for turbiditet, anten fastsett på førehand ved målingar eller med ei referansestasjon der det blir gjort målingar med faste intervall gjennom anleggsperioden.

Detaljerte metodar for referanseverdi, alarmgrense, plassering av stasjonar, og prosedyrar for jamleg vedlikehald og reinhald av sensorane skal beskrivast i kontroll- og overvåkingsplanen, jf. vilkår 5.

Handtering av alarmer skal innarbeidast slik at alle relevante ledd i prosjektorganisasjonen kjenner alarmgrensene og kva handlingar som skal utførast ved overskriding, jf. vilkår 3.1 om internkontroll.

Kunnskap og informasjon som blir erverva i prosjektet, skal brukast til justering av måleprogrammet. Dersom observasjonar eller målingar viser at målarar ikkje er plasserte på eigna stad eller djupn, skal målararane flyttast.

4.6 Kontakt med fiskarlag

Firdakraft skal ta kontakt med fiskarlag for låssettingsplassen for brisling, som ligg nær utslippspunktet, for å avklare bruken til området.

4.7 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er styresmakt for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

¹ Siltgardiner: funksjon, tilpasning og oppfølging. Rapport nr. 205 – 2013

² Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster. Norsk Standard NS- 9433



5 Utsleppskontroll og prøvetaking

5.1 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa ved å gjennomføre målingar. Det skal utarbeidast og setjast i verk eit måleprogram med tilhøyrande skriftlege internkontrollrutinar og driftsinstruksar for å følgje opp instrument for måling i anleggsperioden. Plassering av målepunkt skal baserast på fagleg vurdering utført av fagfolk med kompetanse.

Målingane skal omfatte prøvetaking, analysar og/eller berekningar. Prøvane skal takast og handterast i samsvar med Norsk Standard. Dersom slik standard ikkje finst, kan anna internasjonal standard nyttast. Prøvetaking skal utførast av personar med nødvendig kompetanse. Analysane skal utførast av eit laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane. Verksemda skal jamleg utføre kontroll og kalibrering av måleutstyr.

Målingane/berekningane skal utførast slik at dei er representative for det faktiske utsleppet tiltaket kan føre til. Verksemda skal utarbeide eit måleprogram for dei parameterane som er omtalte i vilkår 4.1. Frekvensen for prøvetaking må vere høg nok til å kunne fange opp variasjonar i utsleppa. Krava til prøvetakingsfrekvens for suspendert stoff, turbiditet, pH, olje og vassmengde er gjeve i Tabell 1 vilkår 4.1.

Sidan akkreditert metode for suspendert stoff må baserast på stikkprøvar, skal utsleppet også målast kontinuerleg for turbiditet. Måleprogrammet skal beskrive metode for etablere ein samanheng mellom suspendert stoff og turbiditet, forslag til midlingstider og alarmgrenser m.m. Når det er etablert ein lineær samanheng mellom prøveresultat for suspendert stoff og turbiditet, så kan målingane baserast på turbiditet med alarmgrenser og midlingstider. Forslag til dette skal beskrivast i program for utsleppskontroll. Dersom turbiditeten overstig alarmgrensa for utsleppspunktet, skal utsleppet stansast, årsaksforhold avklarast og nødvendige avbøtande tiltak settast i verk. Det same gjeld ved overskriding av grenseverdi for pH.

I tillegg til prøvetaking og måling av parameterane i vilkår 4.1 skal følgjande kontrollrutinar gjennomførast:

- Dagleg visuelt tilsyn med reinseanlegget.
- Dagleg visuell kontroll av resipient.
- Dagleg kontroll av tilgjengelegheit på absorberingsmateriale for olje.

Det skal inkluderast minimum ein overvakingrunde etter avslutta anleggsperiode. Dersom det viser seg at ein etter ferdigstilling av prosjektet har redusert kvaliteten på resipienten, skal det utførast opprydding og habitatforbetrande tiltak for å rette opp forholda.

Verksemda skal ta vare på alle prøveresultata og anna dokumentasjon frå utsleppskontrollen. Opplysningane skal vere tilgjengelege ved kontroll eller førespurnad frå forureiningsmyndigheita, jf. forureiningslova § 50.

6 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.



Verksemnda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Verksemnda pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Verksemnda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmaktene varslast om dette.

7 Kontroll og overvaking

Miljøriskoanalysen skal ligge til grunn for ein kontroll- og overvåkingsplan for tiltaket. Under heile gjennomføringa av tiltaket skal det utførast kontroll og overvaking etter ein slik plan. Planen må vere av tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreining av forureining frå tiltaket. Kontroll- og overvåkingsplanen skal lagast i tråd med tilrådingar gitte i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015³ og overhalde vilkåra i løyvet. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analyser skal følgje Norsk standard.

8 Kjemikaliar

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemnda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemnda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også vilkår 3.1 om internkontroll.

Verksemnda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemnda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemnda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe⁴.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket⁵ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemnda. For materiale som vert nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

³ Veileder for håndtering av sediment – revidert 25. mai 2018

⁴ Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3

⁵ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskrifta) av 30. mai 2008, nr. 516



Verksemda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda, skal primært brukast om att, enten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Verksemda pliktar å sørge for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta⁶.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

All handtering av avfall skal utførast slik at det ikkje fører til avrenning til grunn eller overflatevatn. Sjenerande støving skal unngåast. Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader.

I tillegg gjeld følgjande:

- a) All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. vilkår 2.4 og 8.
- b) Verksemda skal ha kart der det går fram kor ulike typar avfall er lagra.
- c) Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merka slik at ein ser kva som er lagra.
- d) Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at farlege stoff vert danna, skal lagrast med nødvendig avstand.
- e) Alt farleg avfall, uavhengig av mengde, skal lagrast innandørs, og på tett dekke⁷ med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan godtakast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt vern.

9.2 Handtering av slam frå reinseanlegg

Slam frå reinseanlegg og grøfter inne i tunnelen vert rekna som næringsavfall, og skal handterast i tråd med forureiningslova § 32. Det skal takast prøvar av slammet. Dersom analyser viser at konsentrasjonen av helse- og/eller miljøfarlege stoff ligg under normverdiane gitt i forureiningsforskrifta kapittel, vedlegg 1, så kan massane disponerast i tråd med Miljødirektoratets rettleiar M-1243⁸. Dersom innhaldet over normverdiane, skal massane leverast til lovleg avfallsanlegg.

10 Rapportering til Statsforvaltaren

Verksemda skal sende rapport til Statsforvaltaren innan tre månader etter at anleggsarbeidet er slutført. Rapporten skal innehalde følgjande:

- Omtale av utført arbeid.
- Samla omtale og dokumentasjon på effekt og avbøtande tiltak som er gjennomførte for å

⁶ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) av 01.06.2004, nr. 930

⁷ Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle materiala/avfallstypar.

⁸ Mellomlagring og slutttdisponering av jord- og steinmasser som ikke er forurenset. M-1243 utgitt 2018.



hindre forureining.

- Samla utgreiing om eventuelle vilkår i løyvet som ikkje er oppfylt, inkludert grunngjeving for avvik.

11 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmaktene eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.



Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. vilkår 2.1.

Utslipp av nasjonalt prioriterte miljøgifter må alltid reguleres uttrykkelig gjennom spesifikke vilkår for at de skal bli loveliggjort gjennom tillatelsen. Utslipp av disse komponentene er bare omfattet av tillatelsen dersom dette går uttrykkelig fram av vilkår i vilkår 3 og vilkårene etter.

Metall og metallforbindelser:

	Forkortinger
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

Bromerte flammehemmere	Vanlege forkortinger
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcycloodekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelser

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksine og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafin C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyli	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloretan	PER
Triklorretan	TRI
Trikosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromuskforbindelser

Muskxylen	
-----------	--

Alkylfenolar og alkylfenoletoksyler

Nonylfenolar og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE



4-heptylfenolar (forgreinet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelser(PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. saltar av PFOS og relaterte forbindelser	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl salt av PFHxS og relaterte forbindelser	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte forbindelser	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelser

Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktyltinnforbindelser	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon**PAH****Ftalat**

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A**BPA****Siloksan**

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filter

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350